




Nissedal kommune
Rådmann

Finansdepartementet
kommunikasjonseininga, postboks 8008 dep.
0030 OSLO



Melding om vedtak

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2010/111-15	Sverre Sæter, 35048402 sverre.seter@nissedal.kommune.no	232	22.06.2011

Høyring om fjerning av minimums- og maksimumsverdiane på eigdomsskatt på kraftverk

Her følgjer særutskrift av kommunestyret si sak nr. 67/11.

Med helsing

Sverre Sæter
Rådmann



Nissedal kommune

Arkiv: 232
 Saksmappe: 2010/111-13
 Sakshandsamar: Sverre Sæter
 Dato: 06.06.2011

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato

Høyring om fjerning av minimums- og maksimumsverdiane på eigedomsskatt på kraftverk

Vedlegg:

- 1 Førebels høyringssvar frå LVK
- 2 Høyringsnotat maks- minimumsverdi på eigedomsskatt
- 3 2011 LVK - Bjarne Jensen - Diskonteringsrenten mv i beregningsgrunnlaget for eiendomsskatt på vannkraftverk
- 4 Thema Consulting Group - Kapitaliseringsrenten i formuesverdiberegningen - Notat 2011-1

Fakta i saka:

LVK har på vegne av medlemskommunane i fleire år arbeidd for å få endra reglane for korleis eigedomsskatten frå kraftverk skal reknast ut. Det er det såkalla maksimumstaket på kr 2,35 pr. kWh (av kraftverkets gjennomsnittlege produksjon dei seinaste 7 år) LVK arbeider for å få fjerna. I reglane ligg også ei nedre grense for kor låg verdi eit kraftverk kan setjast til (kr 0,95 pr. kWh).

Det er gjort utrekningar som syner at eigedomsskatten frå kraftproduksjon vil auke med om lag 840 mill kr om maksimumsregelen vert fjerna. For Nissedal er det berekna at kommunen ville fått om lag kr. 137 000 meir i eigedomsskatt i 2010 utan maksverdien.

Vurdering:

Saka har no kome så langt at finansdepartementet (FIN) har sendt på høyring eit notat med deira vurdering av saka. På bakgrunn av høyringa vil så departementet vurdere om det er grunnlag for å fremje konkrete forslag om endringar i eigedomsskattereglane i samband med statsbudsjettet for 2012.

I høyringsnotatet frå FIN vert det i liten grad gjort vurderingar knytt til det prinsipielle argumentet frå LVK-kommunane om at maksimums- og minimumsreglane er i strid med hovudprinsippet i lova (les: at eigedomsskatten skal spegle marknadsverdien til kraftverka.) I staden er det lagt einseitig vekt på å vise at dei kraftkommunane som frå før har dei høgaste inntektene frå

eigedomsskatt pr. innbyggjar er dei som vil tene mest på at reglane vert endra i tråd med LVK sitt krav.

Kjernen i saka er korleis dei store meirinntektene i kraftbransjen som fylgje av høgare kraftprisar vert fordelt. Det politiske problemet med at nokre få rike kraftkommunane får auka skatteinntektene sine monaleg, kan styresmaktene handsame på anna måte enn å halde fast på maksimumsverdien.

Det er 3 juridiske personar som delar på verdiskapinga frå kraftproduksjon: (1) vertskommunane som stiller naturressursane til rådvelde, (2) Kraftverkseigar og (3) staten.

Slik reglane er i dag sikrar 'korridoren' med den øvre og nedre grensa for eigedomsskatten at vertskommunane får ein minste eigedomsskatt jamvel om kraftprisen skulle bli svært låg eller kraftverket får eit stort havari, men reglane set også eit tak på storleiken oppover for eigedomsskatten. Over denne grensa er det berre kraftverkseigarane og særleg staten som meirinntektene går til.

Høyringsnotatet framstiller det som om staten vil lide eit stort tap om maksimums- og minimumsverdiane vert fjerna. Staten og kraftverkseigarane har store meirinntekter ved auke i kraftprisen jamvel om makstaket vert fjerna, men sjølv sagt mindre enn om dei må dele litt med seg – ved at vertskommunane også får noko av meirinntektene som fylgje av høge kraftprisar.

FIN ser likevel at det er urimeleg over tid at maksimums- og minimumsverdiane ikkje vert justera med konsumprisindeksen. Slik reglane er i dag med ei fast nominell grense (kr 0,95/2,35), minkar realverdien av eigedomsskatten for kvart år. FIN vurderar difor å foreslå ei indeksregulering av maks- og minimumsverdiane, og opnar samstundes for at ein annan variabel i reknestykket (diskonteringsrenta) endrast slik at kommunane risikerar å få mindre eigedomsskatt samla sett med nye reglar.

Når eigedomsskatten frå kraftverk skal reknast ut så er dei viktigaste inngangsverdiane:

- Faktisk årsproduksjon av kraft
- Spotprisen på NORDPOOL
- Driftsutgifter (store renoverings/vedlikehaldsutgifter aukar dette frådraget)
- Diskonteringsrenta.

Dette er nærare forklara i vedlagte høyringsdokument og notat frå prof. Jensen.

I prinsippet skal FIN kvart år i januar fastsetje kva for diskonteringsrente som skal nyttast, med grunnlag i marknadsrenta mv. Sidan kraftskattereforma vart sett i verk i 2001 har diskonteringsrenta variert år om anna – noko som har gjort at eigedomsskatten òg har variert. Ei låg rente gjev høgare eigedomsskatt og motsett.

Energi Norge (kraftverkseigarane sin organisasjon) har teke til orde for å auke diskonteringsrenta som ei fast ordning. LVK er samd i at dagens metode for å fastsetje diskonteringsrenta ikkje er den beste, og har fått professor Bjarne Jensen til å vurdere dette (sjå vedlegg) Jensen sin konklusjon er mellom anna at FIN bør fastsetje rentenivået ut frå meir langsiktige marknadsvurderingar enn i dag, og slik at renta vert meir stabil på om lag 5 %. Renta har variert mellom 7,1 % (2007) til 3,3 % for skatteåret 2010 (grunnlag for eigedomsskatten i 2012).

Rådmannen si tilråding:

1. Nissedal er ein relativt liten kraftkommune, men inntektene frå kraftselskapa har likevel stor betyding. Inntektene kommunen har frå eigedomsskatt på kraftverk går ikkje til å halde oppe eit tenestetilbod som er ekstravagant. Tvert om: Inntektene vert brukt på å halda eit heilt

normalt nivå på tenestetilbodet.

2. Nissedal kommunestyre er glad for at Regjeringa har opna for å vurdere reglane for fastsetting av eigedomsskatt frå kraftproduksjon. Ved at dei fleste kraftproduksjonsanlegg i kommunen har nådd eller er i ferd med å nå eigedomsskattetaket på kr 2,35 pr kWh, kan ein ikkje lenger sei at skattegrunnlaget speglar marknadsv verdien, men i praksis er ei produksjonsavgift.
3. I høyringsnotatet frå departementet er det lagt stor vekt på å syne dei økonomiske verknadane for ulike kraftkommunar av ei ev fjerning av maksimumsregelen, men ikkje å vurdere det prinsipielle i forslaget - nemleg at eigedomsskatten bør spegle marknadsv verdien slik intensjonane i lova er. Slik sett kan ein oppfatte høyringsnotatet som å vera på sida av kjernen i saka.
At eigedomsskattereglane vert utforma slik at dei medfører auka skattebelastning for kraftproduksjonsanlegg i periodar med høg skatteevne, er i tråd med Stortinget sin intensjon med kraftskattereforma slik Nissedal kommune ser det.
4. Forslaget i høyringsnotatet om inflasjonsjustering av maks og minimumsverdiane er ikkje konkretisert. Om FIN held fast på ei ordning med prisjustering i staden for å fylgje kommunane sitt prinsipielle forslag om å oppheve verdikorridoren, så er det einaste rimelege at justeringa tek utgangspunkt i 2004 når maksimumstaket vart innført.
5. Stabile inntekter for kommunane er framleis eit viktig omsyn. Store variasjonar i inntektene frå kraftproduksjonen i kommunen år om anna er ikkje ynskjeleg. Gjeldande metode for fastsetjing av diskonteringsrenta kan i så måte forbeholdt, og Nissedal sluttar seg til dei vurderingar som gjeng fram av professor Bjarne Jensen sitt notat (note 6 til FIN sitt høyringsnotat).
6. Same problemstilling med minkande realverdi gjeld òg for naturressursskatten. Denne har stått uendra på 1,1 øre/kWh sidan innføringa i 1997, og Nissedal kommune finn dette urimeleg. Kommunestyret ber om at det vert laga ei ordning med prisjustering av naturressursskatten.
Ved at realverdien av kraftinntektene ikkje fylgjer prisutviklinga, vert også kommunane sin interesse for å bidra til å få fram ny miljøvenleg vasskraft-produksjon påverka negativt.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 16.06.2011

Ordførar kom med endringsframlegg slik:

Nytt pkt. 6:

Nissedal kommune meiner både av prinsipielle og rettmessige grunnar at ei fjerning av maksimum- og minimumsverdien, sett i samanheng med ei justering av diskonteringsrenta, er det einaste rette å gjere i denne saka.

Votering: Tilråding med endringsframlegg frå ordførar samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Nissedal er ein relativt liten kraftkommune, men inntektene frå kraftselskapa har likevel stor betydning. Inntektene kommunen har frå eigedomsskatt på kraftverk går ikkje til å halde oppe eit tenestetilbod som er ekstravagant. Tvert om: Inntektene vert brukt på å halda eit heilt

normalt nivå på tenestetilbudet.

2. Nissedal kommunestyre er glad for at Regjeringa har opna for å vurdere reglane for fastsetting av eigedomsskatt frå kraftproduksjon. Ved at dei fleste kraftproduksjonsanlegg i kommunen har nådd eller er i ferd med å nå eigedomsskattetaket på kr 2,35 pr kWh, kan ein ikkje lenger sei at skattegrunnlaget speglar marknadsverdien, men i praksis er ei produksjonsavgift.
3. I høyringsnotatet frå departementet er det lagt stor vekt på å syne dei økonomiske verknadane for ulike kraftkommunar av ei ev fjerning av maksimumsregelen, men ikkje å vurdere det prinsipielle i forslaget - nemleg at eigedomsskatten bør spegle marknadsverdien slik intensjonane i lova er. Slik sett kan ein oppfatte høyringsnotatet som å vera på sida av kjernen i saka.
At eigedomsskattereglane vert utforma slik at dei medfører auka skattebelastning for kraftproduksjonsanlegg i periodar med høg skatteevne, er i tråd med Stortinget sin intensjon med kraftskattereforma slik Nissedal kommune ser det.
4. Forslaget i høyringsnotatet om inflasjonsjustering av maks og minimumsverdiane er ikkje konkretisert. Om FIN held fast på ei ordning med prisjustering i staden for å fylgje kommunane sitt prinsipielle forslag om å oppheve verdikorridoren, så er det einaste rimelege at justeringa tek utgangspunkt i 2004 når maksimumstaket vart innført.
5. Stabile inntekter for kommunane er framleis eit viktig omsyn. Store variasjonar i inntektene frå kraftproduksjonen i kommunen år om anna er ikkje ynskjeleg. Gjeldande metode for fastsetjing av diskonteringsrenta kan i så måte forbeholdt, og Nissedal sluttar seg til dei vurderingar som gjeng fram av professor Bjarne Jensen sitt notat (note 6 til FIN sitt høyringsnotat).
6. Nissedal kommune meiner både av prinsipielle og rettmessige grunnar at ei fjerning av maksimum- og minimumsverdien, sett i samanheng med ei justering av diskonteringsrenta, er det einaste rette å gjere i denne saka.